Utlån og løyve frå Hillaug Berg

Emigrantar frå Naustdal
Emigrants from Naustdal.

Somme av dei kom tilbake, nokre blei verande over there.

Some of them returned, Some of them stayed over there.

oooooooooOOOOOOOOOoooooooooo

Vona ->

Nesgrend ->

<-Fimlandsgrend

Slettemark->
Sunde

<-Skaflestad

Foto: Fylkesarkivet

Frå Vona inst i Naustedalen til ytst på kysten reiste folk til Amerika for ”å søkje lukka.”

$$

Foto: Fylkesarkivet

Utsyn mot Naustdal sentrum, fjorden og Heilefjellet *Foto: Sigmund Svoen*

Utsyn over Naustdalen: Åmot-Herstad frå Furehaug. Fitje opp til venstre. *Foto D. Reiakvam*

«Halve Naustdal» i Tacoma i 1924!

Namna på dei som er med på biletet, frå venstre. Alle er frå Naustdal der ikkje anna er oppgjeve. (Tb) tyder at vedkomande kom tilbake til Noreg.

1. rekkje: Annanias Kalland, Tolleiv Kleiva, Bertil N. Fimland (Tb), Sverre Nordheim, Asbjørn Åmot, ? Skrede, Jølster, Nikolai N. Fimland.
2. rekkje: Anders Savland (Tb), ein svenske, Olav O. Skaflestad, Magnus Øyjord (Tb), Anton Oppedal, Sogn, Andreas Buanes, Johannes Hove, Olav T. Kleiva.
3. rekkje: Simon Agledal og ? Hovland, begge Eikefjord, ? Skrede, Jølster, Jakob Skrede, Jølster, Anders Viken, Jølster, Karl A. Fimland, Aslak Kråkenes, ukjend naustdøling.
4. rekkje: Kristian Solheim (Tb), Ola Øvrebø, Jølster, Rasmus N. Fimland (Tb), Jeck Otto (den svenske hotellverten på Jeffersen Hotel i Tacoma), Moses Åmot (Tb), Kolbjørn A. Skaflestad, Johan Frammarsvik, Jakob A. Reinen, Martin M. Kleiva.
5. rekkje: Ola R. Øvrebø, Jølster (Tb), ? Øvrebø, Ivar Bruflot (Tb), Karl Furevik (Tb), Anders Åmot (Tb), Nikolai Liland (Tb), Nils Reinen, Matias Birkelid (Tb), Andreas P. Fimland (Tb), Olav A. Fimland.
6. rekkje: Magnus B. Sunde (Tb), Ottar A. Skaflestad, Rasmus Klopstad, Førde, Lyder Lien (Tb), Reinhart Ullaland (Tb), Matias Kalland (Tb), Oliver Kalland (Tb), Andreas Ullaland (Tb), ? Veien, Anton Klopstad, Førde.
7. rekkje: Olaus Svardal, Eikefjord, Matias A. Åse, Bertil Hunskår Sunde, Johannes N. Svorstøl, Samson Nordheim (Tb), Valentin Kråkenes, Jens Sæla (Tb), Olav Åmot, Magnus N. Svorstøl, ? Veien.

Bildet er teke på Jefferssens Hotel i Tacoma i 1924

tom kort nemnt lar dei seg dentifisere så godt som alle som r med på biletet «Trauste sunnfjordingar i Amerika», i Firda 8. januar. Magnus B. Sunde, Naustdal, som sjølv er med på biletet, har gjort det for oss.

Nærpå like forbausande er det at nær femti av personane på biletet er frå Naustdal. Nokre få frå Eikefjord, Jølster og Førde.

Biletet er teke ved Jeffersens Hotell i Tacoma etter at stemna på den amerikanske nasjonaldagen var slutt (hotellverten står midt i gruppa). Sunde meiner at dette truleg var berre halvparten av sunnfjordingane som var til stades på stemna, men at dei andre hadde andre samlingsstader etterpå.

På biletet er minst to gonger tre brør og fire gonger to brør, og der er tre fedre med kvar sin son.

Ein på biletet (3. rekkje lengst t.h.) er ukjend, men visstnok naustdøling han også. Vidare er der to på biletet som i Amerika nytta etternamnet Velen. Dei var naustdølingar, men visstnok ikkje frå garden Velen. Kvar kom desse frå?

Av dei avbilda naustdølingane kom over 20 heim att, så vidt ein kjenner til. Tre av desse lever enno (Magnus B. Sunde, Anders P. Fimland og Bertil Fimland), og i Amerika er der nok fleire som lever.

Korleis kan det så ha seg at nær femti mann berre frå Naustdal var samla i Tacoma på same tid?

Forklaringa er nok dei skrale tidene i Noreg, med vanskeleg om arbeid. Dei drog over til Amerika for å tene pengar. Dei fleste drog kanskje med tanken å kome heim att, men fleirtalet vart nok att i Den nye verda. Dei som kom tilbake, hadde gjerne spart seg opp så mykje at dei kunne kjøpe seg gardsbruk. Alle desse i Tacoma arbeidde i skogane eller på sagbruka.

For å skaffe pengar til å kome seg over Atlanteren, var det vanleg å låne pengar i banken — dersom ein kunne skaffe kausjonistar som vart godtekne. Det spørst om ikkje Naustdal Sparebank hadde god hjelp til å overleve krisetida av midlane som vart sende attende frå dei som tok arbeid i Amerika i desse åra.

Det har vore så stor interesse for biletet at Firda vil kunne skaffe kopiar av det mot ein rimeleg dekning av kostnaden.



Magnus P. Sunde har lånt oss desse bileta frå hogsten og transporten i Tacoma-distriktet. Han
på at dei avbilda treastokkane er av «ordinær» storleik. Der fanst større dimensjonar enn

(Frå bladet Firda)

Det er søndag ved skogscampen som ligg mellom Tacoma og Seatle.
Godt å ta på seg reine klær og nyte resultatet av fleire dagars arbeid.
Desse trea kan bli 100 m høge. Å felle og få dei fram til transport var ingen lett jobb.
Karane på bildet er alle Naustedøler. Største utvandringa til Amerika
frå Naustdal gjekk føre seg i perioden 1922-1928. Men mange reiste og tidlegare
kring og før 1900-skiftet. Mange slo seg til Over There, andre var der for å tene pengar
som sårt trongs heime. Bildet er teke ca 1922.
Bak f.v.: Martin Stølsbøen (Kleiva), Oliver Kalland, Moses Åmodt, Andreas Nes.
Fram f. v: Nils Reinen, Olav Fimland (frå Øvreækra), Asbjørn Åmodt,
Johannes Svorstøl, Rasmus Fimland (Forman for hogstgjengen)
Skulle namna vere feil på nokon, er det fint om redaksjonen får beskjed!



Biletet av dei dresskledde, flest naustedølingar, er teke i 1905. Fremst sit Andreas Berg og Johan Kalland. Bak dei f. v. sit Ola Sunde, Andreas Aase, Mathias Skaflestad, Søren Hunskår, Moses Øygard, Kristian Skaflestad og Andreas Sørebø. Bak står f. v. Mathias Nes, Bendik Rotnes, Oliver Nes, Johan Kalland, Tin Svoen, Bertel Hunskår Sunde og Per Birkeland (Gjerde).

Skogsarbeidarane har teke seg ein pause. Bak som 2. frå høgre står Adolf Berg, 3. Mathias Nes og 5. Oliver Nes. Fleire veit vi ikkje namnet på. Frisyren til mennene viser at dagens hårmote også var moderne for 100 år sidan.
Foto Kinsey.



Foto Utlån Oddmund Hukseth

Ola Hukset sende dette bildet heim til far sin i 1911. Ei såkalla fløymaskin som tok fram tømmeret på stålliner. Avansert skogsdrift på den tid. Farleg arbeid der mange arbeidarar vart ute for uhell, mange miste livet, fleire også frå Naustdal.

Mange naustedøler arbeidde på sagbruk, «sawmills», i Amerika. Her er nokre av dei samla framføre materialstaplane. F.v. Tolleiv Kleiva, Anders Aamodt, Annanias Kalland, ukjend, Samson Nordheim, Annanias Frammarsvik, Bertel Sunde.

UTLÅN: ANFINN SKAFLESTAD. NFS

Foto frå Bygdebok III

Skogsarbeidet kunne vere livsfarleg, og mange naustedøler omkom i arbeidsulukker, medan andre fekk større eller mindre skade, miste auge o.l. Biletet er teke i jordferda til Nikolai Nilssen Furehaug i Tacoma. Han var tre gonger til Amerika, men då han reiste siste gongen, i 1923, omkom han i ei arbeidsulukke i skogen straks etter at han var komen over. Vi ser kjende folk frå Naustdal til venstre for kista: Nils Reinen, Andreas Åsebø, Nikolai Fimland, Matias Nes m.a.

UTLÅN: NORUNN VONEN

Foto frå Bygdebok III

Frå Historisk museum i Tacoma:

Foto: Utlån frå Målfrid Svoen

Redwood-tre kan bli over 100 m høge og 2m diam.

Store tre i Tacoma-området var grunnlaget for tømmerhogst og inntekt for dei som utvandra frå m.a. Naustdal
Store lokolotiv trakk store tømmerlass fram til sagbruka.



Lokomotiv drog tømmeret fram til sagbruka

Fr.v.: Transportable buhytter

Restrooms (Kvilerom)

Store hestar drog vasstønner på hjul

Vakttårn i miltærforlegning (Fort)

Rasmus Fimland, til venstre, på tømmerhogst i Tacoma. Abeidskameraten er ukjend.
Digert tømmer!! På 1920-talet.

Forta var militærforlegning på prærien for å beskytte nybyggjarane mot indianarane.

Foto: Utlån Bjarne Fimland

Heime i Norge var det lite om arbeid. Mange munnar å mette. Mange ledige hender.
Vegarbeid var ofte einaste arbeid å få. Å reise til Amerika var ein utveg til lysare framtid.

Foto: Utlån frå Skaflestad.



Frå Skaflestadstølen

Vitjing på stølen, rømmask, musikk og dans på stølsskvia var ofte hyggjeleg avveksling .

Framhald: Emigrant1

Gå til --- → Heimesida/Homepage: Aktuelt/Actual